

Liturgiske byggeklosser til Menneskerettighetssøndagen 04.12.2016

BOKMÅL (for nynorsk, se side 3-5)

Flere av de liturgiske leddene er hentet fra Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep, og er utarbeidet sammen med overgrepsutsatte kvinner og menn.

Inngangssalme

Norsk salmebok 2013 26 Solbarn, jordbarn

Inngangsord

L: I Gud vår skapers hellige navn.

Det er en menneskerett å leve et liv uten vold. Likevel utsettes kvinner og menn, jenter og gutter for vold og overgrep hver dag. På verdensbasis regner en med at minst én av tre kvinner har vært utsatt for fysisk og/eller seksualisert vold. Dette er en stor likestillingsutfordring og et alvorlig samfunnsproblem. Vold og seksuelle overgrep er også en stor utfordring i Norge. Vold og seksuelle overgrep skjer i vanlige norske familier, men det skjer skjult for omgivelsene.

Vi som kirke må gi uttrykk for vår nulltoleranse for vold. Vi må våge å bryte tabuet knyttet til å være utsatt for vold, vi må forebygge, og vi må skape trygge rom for voldsutsatte. Vi markerer at Kirkelig Ressurssenter mot vold og seksuelle overgrep har eksistert i 20 år. Sammen med kirkene i Norge har Ressurssenteret laget Hustavlen som lyder slik:

Krenkes et medmenneske
krenkes Gud
Ingen skal bære alene
Vi vil støtte
Vi vil tro på
Vi vil skape trygge rom
Kirkene står sammen
mot vold og seksuelle overgrep

Samlingsbønn

Jesus Kristus, du som skal komme igjen med stor makt og herlighet, vi ber deg: Vekk oss opp av likegyldighet og falsk trygghet og lær oss å våke og be. Hold oss fast ved ditt hellige ord, så vi i tillit til din nåde glade venter din gjenkomst, du som med Faderen og Den hellige ånd lever og råder, en sann Gud fra evighet og til evighet. Amen.

Tenning av adventslysene

Vi tenner lys i Skaperens, Frigjørers og Livgiverens navn, for tro, kjærlighet og alle som slåss for rettferdighet.

De to første versene av *Tenn lys* synges mens lysene tennes.

Kyrie

L: Gud, du som er god, se våre liv.

Mennesker knuses og ødelegges fordi vi svikter, gjør ondt og volder skade.

Derfor roper vi: Herre, miskunne deg over oss.

L: Gud sier: «Jeg har sett hvor vondt mitt folk har det, og hørt hvordan de klager over de som gjør urett. Jeg vet hva de må lide. Jeg har steget ned for å fri dem ut og føre dem hjem. Gå av sted! Jeg sender dere for å føre alle ut av fangenskap.»

Trostekst

L: Alt som skjer, berører Gud. Våre liv angår Gud. La oss derfor dele vår tro.

A: Jeg tror på en Gud som kommer menneskene i møte. Jeg tror på en Gud som tåler å se, høre og vite.

Jeg tror på Jesus som ble utsatt for overgrep og svik. Jeg tror på Jesus som gir oss del i sin seier over ondskaper og døden.

Jeg tror på Den hellige ånd som håper for oss når vi ikke håper selv. Jeg tror på Den hellige ånd som frigjør oss til å handle og å hvile.

Vi tror at kirken trenger å høre vår stemme. Vi tror at kirken vil kjempe mot urett.

Salme

Norsk salmebok 2013 407 Gud græt der kjærleik vik

Forbønn

Kjærlighetens Gud, du kjenner oss alle og omslutter oss med din kjærlighet.

Du kjenner våre sorger og gleder, vår skam og vår verdighet.

Du gråter med oss og støtter oss når vi strever.

Vi ber til deg for alle kvinner og menn, jenter og gutter, som er utsatt for vold og seksuelle overgrep.

Gi mot og styrke til de som er sinte og bitre over sviket som er begått.

Gi trøst og håp til de som sørger og er redde.

La dine skaperkrefter lege sårene på kropp og sjel.

Kjemp sammen med oss - stans uretten og bryt tausheten!

Jesus Kristus, vår bror. Du som på din egen kropp ble mishandlet, du kjenner vår smerte. Vær nær hos dem som lider i alle land. Vi ber for din kirke på jorden, at den må kjempe mot alle former for urett og overgrep.

Du som kjemper for likhet mellom mennesker, uavhengig av kjønn, nasjonalitet, seksuell orientering og sosial status, vi ber deg:

Hjelp oss å følge ditt eksempel. La oss bære din kjærlighet og rettferdighet ut i hverdagen, der vi er, og der vi møter andre. Ta i mot oss og våre liv. Lær oss å se oss selv og hverandre med ditt blikk: som dyrebare skatter, elsket i all evighet.

Hellig Ånd, slik morgenlyset driver vekk natten, holder du fast på håpet om at smerten ikke skal ha det siste ordet. Styrk i oss håpet om en god fremtid for mennesker som er berørt av seksuelle overgrep. Hjelp oss i kampen for et samfunn hvor barns og voksnes kropp blir respektert.

Amen.

Offertoriesalme

Norsk salmebok 2013 615 Vi bærer mange med oss

Norsk salmebok 2013 618 Vi er et folk på vandring

Utgangssalme

Norsk salmebok 2013 738 Noen må våke i verdens natt

Velsignelsen

L: Ta i mot velsignelsen.

Den Gud som favner oss med sin
respektfulle omsorg og kjærlighet.

Den Gud velsigne oss i dag og til evig tid.

Amen.

NYNORSK

Omsett til nynorsk av Norunn Stendal Aksnes

Fleire av dei liturgiske ledda er henta frå Kyrkjeleg Ressurssenter mot vald og seksuelle overgrep og er utarbeidde saman med overgrepsutsette kvinner og menn.

Inngangssalme

Norsk salmebok 2013 26 Solbarn, jordbarn

Inngangssord

L: I namnet til Gud, vår heilage skapar.

Det er ein menneskerett å leve utan vald. Likevel blir kvar dag kvinner og menn, jenter og gutar utsette for vald og overgrep. På verdsbasis reknar ein med at minst éi av tre kvinner har vore utsett for fysisk og/eller seksualisert vald. Det er ei stor likestillingsutfordring og eit alvorleg samfunnsproblem. Vald og seksuelle overgrep er òg ei stor utfordring i Noreg og skjer i vanlege norske familiar, men omverda veit ikkje om det.

Som kyrkje må vi vere tydelege på at vi ikkje kan tolerere vald. Vi må våge å bryte tabuet som er knytt til det å vere utsett for vald, vi må førebyggje, og vi må skape trygge rom for valdsutsette.

Vi markerer at Kyrkjeleg Ressurssenter mot vald og seksuelle overgrep har eksistert i 20 år.

Saman med kyrkjene i Noreg har Ressurssenteret laga Hustavla, som lyder slik:

Blir eit menneske krenkt
blir Gud krenkt
Ingen skal bere åleine
Vi vil støtte
Vi vil tru på
Vi vil skape trygge rom
Kyrkjene står saman
mot vald og seksuelle overgrep

Samlingsbøn

Jesus Kristus, du som skal kome att med stor makt og herlegdom, vi ber deg: Vekk oss opp frå likesæle og falsk tryggleik og lær oss å vake og be. Hald oss fast ved ditt heilage ord, så vi i tillit til din nåde ventar med glede på at du skal kome att, du som med Faderen og Den heilage ande lever og råder, ein sann Gud frå æve og til æve. Amen.

Tenning av adventslysa

I namnet til Skaparen, Frigjeraren og Livgivaren tenner vi lys for tru og kjærleik og for alle som slåst for rettferd.

Under lystenninga syng vi dei to første versa av *Tenn lys*.

Kyrie

L: Gud, du som er god, sjå livet vårt.

Menneske blir knuste og øydelagde fordi vi sviktar, gjer vondt og valdar skade.

Derfor roper vi: Herre, miskunn deg over oss.

L: Gud seier: «Eg har sett kor vondt folket mitt har det, og høyrte korleis dei klagar over dei som gjer urett. Eg veit kor dei lid. Eg har stige ned for å fri dei ut og føre dei heim. Gå i veg! Eg sender dykk for å føre alle ut av fangenskap.»

Trustekst

L: Alt som skjer, går inn på Gud. Han bryr seg om livet vårt. Lat oss derfor dele vår tru.

A: Eg trur på ein Gud som kjem menneska i møte. Eg trur på ein Gud som toler å sjå, høyre og vite.

Eg trur på Jesus, som vart utsett for overgrep og svik. Eg trur på Jesus, som gir oss del i sin siger over vondskapen og døden.

Eg trur på Den heilage ande, som håper for oss når vi sjølv ikkje eig håp. Eg trur på Den heilage ande, som gjer oss fri til å handle og å kvile.

Vi trur at kyrkja treng å høyre vår stemme. Vi trur at kyrkja vil kjempe mot urett.

Salme

Norsk salmebok 2013 407 Gud græt der kjærleik vik

Forbøn

Du kjærleiks Gud, som kjenner oss alle og omgir oss med kjærleik.

Du veit vår sorg og vår glede, vår skam og vårt sjølvverd.

Du græt med oss og støttar oss når vi strevar.

Vi ber til deg for alle kvinner og menn, jenter og gutar som er utsette for vald og seksuelle overgrep.

Gi dei mot og styrke som er sinte og bitre over sviket dei har opplevd.

Trøyst dei sørgjande og gi dei redde håp.

Lat di skaparkraft lækje såra på kropp og sjel.

Kjemp med oss og hjelp oss å målbere uretten, så han får si endelykt!

Jesus Kristus, vår bror. Du som på din eigen kropp vart mishandla, du kjenner vår smerte. Ver hos dei som lid i alle land. Vi ber for di kyrkje på jorda, at ho må kjempe mot urett og overgrep av alle slag.

Du som kjempar for likskap mellom menneske utan omsyn til kjønn, nasjonalitet, seksuell orientering og sosial status, vi ber deg:

Hjelp oss å følgje ditt føredøme. Lat oss bere din kjærleik og di rettferd ut i kvardagen, der vi er, og

der vi møter andre. Ta i mot oss og livet vårt. Lær oss å sjå oss sjølv og kvarandre med dine auge: som kostelege skattar elska i all æve.

Heilage Ande, slik morgonlyset driv natta bort, held du fast på håpet om at smerte ikkje skal ha siste ordet. Styrk i oss håpet om ei god framtid for alle som har opplevd seksuelle overgrep. Hjelp oss å kjempe for eit samfunn der kroppen til born og vaksne blir respektert.

Amen.

Offertoriesalme

Norsk salmebok 2013 615 Vi bærer mange med oss

Norsk salmebok 2013 618 Vi er et folk på vandring

Utgangssalme

Norsk salmebok 2013 738 Noen må våke i verdens natt

Velsigninga

L: Ta i mot velsigninga.

Den Gud som i respekt famnar oss med omsorg og kjærleik, velsigne oss i dag og til evig tid.

Amen.